



Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

PM-2024-9: Tiltak for effektiv gjennomføring av lønsoppgjøret

Forfatter	Statens personalhåndbok – Personalmeldinger
Dato	2024-10-28
Publisert	PM-2024-9
Sammendrag	Til: Statsforvaltninga og Riksrevisjonen- Gjelder: Lønsoppgjøret.

PM-2024-9 Tiltak for effektiv gjennomføring av lønsoppgjøret

Dato: 28.10.2024

Til: Statsforvaltninga og Riksrevisjonen

Gjelder: Lønsoppgjøret

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) og hovudsamanslutningane blei i møte 25. oktober 2024 einige om at dei lokale partane (partane på forhandlingsstaden) saman skal sikre at verksemdene så raskt som mogleg kan overlevere opplysningar om kva hovudsamanslutning den enkelte statstilsette tilhørte 1. mai 2024. Opplysningane skal sendast til lønssentralen for verksemda, eller den eininga som utbetalar løna.

Opplysningane skal klargjerast for å sikre at tillegg etter årets oppgjøret blir utbetalt innan rimeleg tid dersom Rikslønsmemnda kjem fram til eit resultat der slike opplysningar er nødvendig for å kunne gjennomføre og utbetale resultatet av lønsoppgjøret.

Før opplysningane blir oversende til lønssentralane, eller til dei som bereknar og utbetalar løn, bør verksemdene avklare med lønssentralane korleis og når opplysningane skal sendast over. Verksemdene skal ha som mål å ha opplysningane klare når Rikslønsmemnda kjem med avgjerdene sine. Det er ikkje kjent når dette skjer, men vi håpar det kan skje i løpet av veke 47.

Arbeidsgivar kan krevje at tenestemannsorganisasjonar og yrkesorganisasjonar som har rett til å føre forhandlingar sender over medlemslister dersom det er nødvendig for å sikre at opplysningane er korrekte. Det er den hovudsamanslutning den tilsette var gyldig medlem av per 1. mai 2024 som skal registrerast. Dette er personopplysningar som i utgangspunktet er forbodne å behandle etter personvernregelverket. Personvernforordninga (GDPR) gjer likevel unntak for slik behandling dersom verksemdene har eit behandlingsgrunnlag. Det er verksemdene som er behandlingsansvarlege for desse personopplysningane i samsvar med GDPR.

DFD og hovudsamanslutningane legg til grunn at nødvendige behandlingar for å førebu innsending av desse opplysningane, har behandlingsgrunnlag etter personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav f, og artikkel 9 nr. 2 bokstav b gjennom avtalen som er inngått mellom partane sentralt. Organisasjonane har også eit behandlingsgrunnlag etter personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav b.

Etter personvernforordning art. 6 nr. 1 bokstav f må den behandlingsansvarlege gjennomføre ei eiga interesseavveging. Interesseavveginga må dokumenterast, og det må komme fram kva interesser som er identifiserte, og korleis desse er vurdert opp mot kvarandre.

Etter DFDs syn veg omsynet til rask lønsutbetaling normalt tyngre enn omsynet til personvernet av desse opplysningane. I denne samanhengen vil DFD peike på følgjande:

Erfaringar frå 2022 der verksemdene måtte gjere eit tilsvarande arbeid, tyder på at samanstillinga av dei nødvendige opplysningane kan ta lang tid. Formålet med behandlinga er ei rask lønsutbetaling av omsyn til dei tilsette. Verksemdene treng berre informasjon om kva hovudsamanslutning den enkelte tilsette tilhøyrer. Opplysningar om medlemskap i ei konkret fagforeining er ikkje nødvendig.

DFD peikar på at verksemdene må informere dei tilsette om at dei har ein rett til å protestere mot behandlinga etter personvernforordninga artikkel 21. Dersom ein protest blir teken til følge, må verksemda vente med å behandle medlemskapsopplysninga for denne tilsette til Rikslønsnemnda avgjer om det er strengt nødvendig å kjenne til denne opplysninga for å utbetale rett løn. Verksemda må sjølv avgjere om det vil vere mogleg å imøtekomme ein slik protest etter artikkel 21.

Etter fullmakt

Gisle Norheim
statens personaldirektør

Ragnar Ihle Bøhn
avdelingsdirektør

Eventuelle spørsmål kan rettast til: Statens arbeidsgiverportal